



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Tysnes kommune
Rådhuset
5685 UGGDAL

Dykkar ref

Vår ref
15/1238

Dato
04. juli 2017

Sambandet Hodnanes - Jektevik - Nordhuglo

Samferdselsdepartementet viser til e-post av 22. juni i år og møte i departementet 20. juni.

I e-posten vert det reist spørsmål om avløysing av ferje til Huglo med bru kan koma inn under regelverket for ferjeavløysingsordninga som gjeld for 2017. Sambandet er i ein trekant i dag. Hovudstrekninga vil verta avløyst av bru mellom Stord og Tysnes, som del av utbygginga av ferjefri E39.

Kommunal- og regionaldepartementet skriv i brev til Hordaland fylkeskommune 6. juni i år:

I tråd med merknaden frå kommunal- og forvaltningskomiteen i Innst. 422 S (2016–2017), vil søknader som kjem inn til departementet i 2017, og som tilfredsstillar krava til ein fullstendig søknad etter retningslinjene for ferjeavløysingsordninga, blir behandla ut frå nivået på nøkkelen slik den er i 2017. Endelege søknader som kjem inn etter 1. januar 2018, vil bli berekna med utgangspunkt i den nye kostnadsnøkkelen for båt og ferje.

Krav til ein fullstendig søknad etter retningslinjene for ferjeavløysingsordninga er mellom anna at det skal liggja føre utarbeidd planframlegg etter plan- og bygningsloven. Det skal og vera utarbeidd ein realistisk finansieringsplan for prosjektet, med eit kostnadsoverslag med ei uvisse på maksimalt +/-10 prosent, jf. punkt 3.3 i retningslinjene. Etter det som vert opplyst synest det ikkje å liggja føre planar etter plan- og bygningsloven og heller ikkje finansieringsplan for prosjektet. Prosjektet vil derfor ikkje kunna handsamast no på det grunnlag som ligg føre i dag.

For ordens skuld minner departementet om at det er fylkeskommunen som har ansvar for å fremja aktuelle saker under ferjeavløysingsordninga.

Postadresse
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.sd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 904

Avdeling
Veg- og
trafiksikkerhetsavdelinga

Saksbehandlar
Dag Namtvedt
22 24 82 49

Med helsing

Ola Brattegard (e.f.)
avdelingsdirektør

Dag Namtvedt
underdirektør

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar

Kopi

Hordaland fylkeskommune
Kommunal- og moderniseringsdepartementet